

## Haustetilrådingar per 30.sept 2015 (etter prøveuttaking 29.sept)

**Clara Frijs** nærmar seg slutthasting i mange hagar og må no inn raskt. Også for **Discovery** byrjar ein del hagar å vera ferdigplukka, medan andre nett har starta. Stor individuelle skildnader med andre ord! Det er ikkje teke ut nye prøvar av desse to sortane denne gongen.

### Celina

Det er teke ut prøvar i eit felt på Slinde. Pærene er der no heilt optimale for hausting; storleiken er fin (160 g i gj.snitt), dei er raudleitte og har vorte "saftige". Fastleiken er på veg ned (5,9 mot 6,5 i sist veke), sukkeret er ok (10,8 – litt lågare faktisk enn sist veke) og stivenedbrytinga skjer relativt raskt (6,6 mot 5 i sist veke). No er det berre til å byrja å tenkja på hausting!

### Summerred

På tidlege stader er sorten under hausting. Det er difor denne gongen kun teke ut prøvar på det som me definerer som litt "seine" stader, dvs. i to hagar i Sogndal. Epla er enno faste (8,2-8,4) og sukkeret varierer (9,7-11,1), men stivenedbrytinga er i full gong, så no må det haustast også her. Grunnfargen er på plass og hugs at dekkfargen skal vera minst 50%.

### Raud Gravenstein

Det er teke ut nye prøvar på Slinde, i Sogndal og på Vangsnes. Det fine vèret i det siste og generelt lite avling på trea, gjer at sorten no modnar raskt og er byrja å falla ned. Epla er enno faste (7,4-8,8), sukkeret enno litt lågt i mange hagar (9,4-11,1), men stivenedbrytinga er godt i gong i alle hagar (4,2-6,4) så ein må byrja å plukka utor i alle hagar sjølv om streifindeksen viser at ein kunne ha venta litt i fleire av hagane (0,116-0,176). Grunnfargen er også byrja å skifta til gul på dei tidlegaste epla. **NB!** **Visst du har både Summerred og Raud Gravenstein, så prioriter å plukka Summerred først.**

### Raud Aroma

Det er teke ut prøvar på Vangsnes, Leikanger, Slinde, i Sogndal og Feios. Epla er faste (7,7-8,8), sukkeret er enno lågt mange stader, men varierer veldig (9,4-11,1). Stiveverdien varierer også mykje (3,8-6,4) og der nedbrytinga er lengst komen vil dette ikkje bli lagringseple. Grunnfargen manglar likevel enno litt og streifverdiane indikerer også at det er litt tidleg (0,116-0,245) i dei fleste hagane. Men med det fine vèret som er no, så vil dette endra seg raskt så her må de følgja godt med i eigen hage! Det er også svært viktig å få epla raskt på kjøll når ein byrjar å hausta, for haldbare eple. Me er usikre på kor raskt stiven vil bli nedbroten (dvs. at talverdien i analysen blir høgare), difor vil me ta ut nye prøvar av Aroma på tidlege stader alt på komande fredag (2.okt). Vent difor med hausting til resultat av desse er klare og blir sendt ut også som sms. I år 2013 som er mest nærliggande å samanlikna med, så auka stivenedbrytinga veldig raskt for prøvar teke ut høvesvis 30/9 og 7/10, til tross for at epla framleis var faste. Visst det ikkje er att stive i epla, så er dei heller ikkje egna for lagring. De må derfor vera obs på at ting no kan skje raskt frametter!

Neste ordinære prøveuttak for Aroma blir på tysdag 6.oktober.

Mvh NLR og Sognefrukt v Stine, Marianne og Solveig